

Lindås Kommune v/ Ordfører Astrid Aarhus Byrknes

Interpellasjon til kommunestyremøte 27/11 2014.

Det er stadig fleire foreldre som kjører barna til og frå skulane.

Dette fører til at stopp/avstignings områda ved skulane er overbelasta av bussar, privatbilar og barn ved skulestart.

Regelen for å få fri skyss er nasjonal og forankra i **opplæringslova § 7.1 :**

*Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss.
For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer.*

Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Dei som har under 4 km veg til skulen, og som bur slik til at dei kan ta buss, kan kjøpe busskort. Dette medfører ei utgift på rundt 350 kroner pr elev pr måned.

Foreldre som har anledning til det vel gjerne heller å kjøre barna til skulen. Dermed aukar trafikken rundt skulen, og skulevegen er ikkje lenger like trygg for dei som går.

Ein vaksen person går ved vanlig gange i ca. 5 km/t, og vil bruka ca 50 minutt på 4 km.
For et barn er gjerne farten det halve. Dvs at skulevegen kan ta opp til 1 time og 40 minutt kvar veg.

Med 5 dagars skuleveke vert samla distanse til og frå skulen på ei veke på 40 kilometer.
I alle slags ver og føreforhold.

Ordfører: Lindås Kommune praktiserer opplæringslova § 7.1., som seier at 7 år gamle elevar ikkje har rett på gratis skyss om dei har mindre enn 4 kilometer veg til skulen.

- Betyr dette at Lindås Kommune forventar at 7 år gamle elevar ifrå andre klasse skal gå opp til 4 kilometer til og frå skulen?
- Kva reglar gjeld for sykling til og frå skulen for elevane i Lindås?

Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda seier loven.

- Kva er kriteriene for å få gratis skuleskyss pga farleg og vanskelig skoleveg?

Gudmund Husdal, Lindås FrP